



Sogn Cykleklubb

ÅRSMELDING 2019



1 STYRE OG STELL I 2019

Styret i Sogn CK har i 2019 bestått av:

Leiar: Stig Vattekar
Nestleiar: Oddne Skrede
Kasserar: Frank Hofslundsengen
Styremedlemmar: Trond Sekse og Sondre Teigen Lillebostad
Sekretær/referent: Trond Sekse
Lager og utstyr: Erik Sannebro (ikkje i styret)
Sportslege arrangement: Sondre Teigen Lillebostad
Varamedlemmer: Erik Sannebro og Hilde Asperheim

Revisor: Deloitte

Valkomite: Hilde Asperheim(leiar), Catherine Stigen Bøen, Erik Sannebro.

Styret har i 2019 hatt 4 styremøter. I tillegg har det vore ein del kommunikasjon og saker som er drøfta via e-post og messenger. Styret har og fungert som styringsgruppe for JR.

Det har og vore eitt medlems-/infomøte den 23.oktober i samband med bytte av draktleverandør.

1.1 MEDLEMER

Vi nyttar oss av verktøyet Klubbadmin til å administrere medlemsoversikten. Vi hadde 145 medlemmer i 2019. Dette er ein liten auke sidan året før (140).

1.2 SPONSORAR

Klubben har ikkje sponsorar som gjev direkte økonomisk bidrag til drifta. Klubbdrakta er også fri for reklame.

1.3 KLUBBDRAKT

Klubben har i 2019 endra draktleverandør, og det er inngått avtale med Bioracer for levering av klubbdrakter frå og med sesongen 2020. I tillegg til klubbbrabatten som ligg inne i avtalen med Bioracer, så sponsar Sogn CK draktkjøp med 25%. Skifte av draktleverandør har medført ei mindre endring i draktdesign.



1.4 ØKONOMI

Sogn CK har over tid bygd opp ein solid økonomi. Dette er basert på årlege overskot på arrangementa Jotunheimen Rundt og Sognefjellrittet, samt frå Bingoinntekter som no er bortfalt. Frå og med 2020 overtek organisasjonen Styrkeprøven AS drifta av Jotunheimen Rundt og Sognefjellsrittet. Avtalen er på 5 år med moglegheit for lenging i 5 nye år. I samsvar med avtale får Sogn CK eit årleg tilskot frå Styrkeprøven AS for at dei «låner» arrangementa.

2 AKTIVITETAR

2.1 TRENING

Ny treningsplan for 2019 vart lagt ut 5. mars på klubben si facebook-side og på heimesida til Sogn CK.

Vi starta felles laurdagstrening 11. mars 2019. Frammøtet på laurdagstreningane har vore variabelt. Gruppe 3 fungerte i praksis ikkje. Vi køyrde også ofte felles trening for gruppe 1 og 2 da det var litt for lite folk som møtte.

Tysdag- og torsdagstreningane som er meir intervallbasert, starta opp i april. Her har det vore litt auke i deltakartalet, særleg fyrste del av sesongen.

2.2 DELTAKING I TUR- OG TERRENGRITT

Medlemene har vore med på diverse turritt denne sesongen, bl.a. Bergen-Voss, Voss-Geilo, Valdresrittet Jotunheimen rundt og Sognefjellrittet mm. Elles må det og nemnast at det generelt har vore nedgang i medlemene si deltakinga på turritta.

2.3 ARRANGEMENT

I 2019 arrangerte Sogn CK det 29. Jotunheimen Rundt og det 22. Sognefjellrittet.

Arrangementskomiteen og alle frivillige har gjort ein kjempejobb! Sjølv om Styrkeprøven AS no overtek arrangementet, vil det framleis vere behov for at Sogn CK stiller med flinke folk i dugnadsarbeid knytt til rittgjennomføringa. Vi gjennomførte også to vaktoppdrag for andre arrangement; Kjeringi Open og Sykkelrittet Oslo-Lærdal. På Kjeringi Open bytta vi tenester med Syril IL, slik at dei (Nils Magne Slinde) stilte opp for oss under Jotunheimen Rundt med bagasjetransport. For Oslo-Lærdal vart honorar for jobben betalt ut att til vaktene i sin heilheit (som i 2018).

2.4 KLUBBMEISTERSKAP OG KLUBBRITT

Det har vore arrangert fleire uformelle klubbritt i 2019. Dette er ritt og sosiale arrangement der alle medlemmer oppfordrast til å delta.

8. august vart det arrangert bakkeritt Sogndal-Hafslo med avslutning opp Krekavegen (Heggmyrane). Vinnar vart Jørgen Sekse.

10. september vart det arrangert klubbritt 2x rundt Dalavatnet. Pallplassar til Runar, Sondre og Roger.

Det vart også arrangert 2 stk klubbritt 20. oktober, med 10 deltakarar. Ritt 1 Sogndal-Leikanger med avslutning 2x opp Røysavegen. Ritt 2 Leikanger-Sogndal (Bondeviki). Vinnar vart Runar, med Sondre som beste Sogn CK ryttar i begge ritta.



3 SATSING PÅ UNGE SYKLISTAR

Klubben har i 2019 fått søknad frå og gitt støtte/stipend til følgjande unge syklistar:

- Thristan Engebø Ullebø (Landeveg, Jr.)
- Jørgen Sekse (Landeveg, G14)
- Johannes Lund (Enduro)

Markus Sannebro har også delteke i Enduroritt i 2019.

3.1 THRISTAN ENGEBØ ULLEBØ (LANDEVEG JR)

Thristan deltok i 2019 på alle norgescupritta og på NM, samt mellom anna på to utlandsritt (Tour de Himmelfart i Danmark og U6 Cyckletour i Sverige).

I norgescupane og fellesstartar generelt satsa han alltid friskt, men mangla ofte det vesle ekstra til å følgje dei beste heilt inn. Gateritta er meir Thristan sin spesialitet med stor fart i tekniske løyper med mykje svingar og akselerasjonar.


Thristan vann i 2019 NM Gateritt! Vi gratulerer med ein super prestasjon.

Tristan vann også eit gateritt i Sandnes i samband med Norgescuparrangementet der.

I Tour de Himmelfart kom Thristan stort sett inn med feltet, men mangla bonussekund til å gjere seg gjeldande i toppen på samanlagtlista.

I U6 Cyckletour i Sverige (6 etappar) gjekk det mykje betre då han på 3. etappe køyrde solo og kom til mål åleine som vinnar. Thristan klarte med litt hjelp frå andre norske lag å forsvare leiartøya og vann rittet samanlagt. Sogn CK har jo litt tradisjon med å hente heim guletrøya i dette rittet, då storebror Sedrik tidlegare har vunne 2 gonger.

Thristan har nok trena mindre sykkel om vinteren enn sine konkurrentar, men har planar om å endre på dette fram mot sesongen 2020. Dette vil nok medføre at Thristan stiller endå sterkare inn mot komande sesong.



NM Gateritt 2020

3.2 JØRGEN SEKSE (LANDEVEG M13-14)

Jørgen hadde ein god 2019-sesong med sterke resultat i ritt med tøff løypeprofil. I lange bakkar har han i 2019 generelt vore topp 3 i landet. På flatare ritt køyrer Jørgen også aktivt og bra, men manglar generelt kraft og spurt til toppresultat.

I Ronde van Vestkant vart Jørgen nr 2, 2 og 4 på dei tre etappane, og nr 2 samanlagt. Desse løypene skal nyttast under Ungdomsmeisterskapen i 2020 😊

I Fana 3-dagars vart det 1.plass på kongeetappen og 2.plass samanlagt.

I Grenland Petit Prix vart det 4. plass på fellesstarten som vart avslutta med ein kort, men bratt bakke til mål.

Jørgen deltok på U6 Cycletour i Sverige der han vart nr 14 samanlagt. Sykla bra på dei flate etappane, men manglar spurt til å køyre topplasseringar. På Kongeetappen medførte 3x nøytralisering av etappen at ein topp 10 plassering samanlagt vart utanfor rekkevidde.

I vinter vert det berre langrenn- og fotballtreningar, men ser fram til å finne fram sykkelen i april.



3.3 JOHANNES LUND (ENDURO)

Johannes hadde ein stabil og god sesong i 2019, med fleire gode prestasjonar. Han leverte jamnt og trutt topp 10 plasseringar. Høgdepunkta var ein sjuande plass på uoffisielt NM, nr. 24 i europacup i massestart og 5.plass samanlagt i 8020 Enduro series.

- 7. plass 8020 Nesbyen Enduro
- 6. plass 8020 Beitostølen Enduro
- 5. plass 8020 Bodø Enduro
- 24. plass Maxiavalanche Cervinia
- 5. plass totalt i 8020 enduro series

Treningsmengda er auka og dette syner att på resultatata. Avgjerande er det også at Johannes har klart å halde seg skadefri gjennom heile sesongen.



3.4 MARKUS SANNEBRO (ENDURO)

Markus deltok i 2019 for første gong på Enduro-konkurransar.

Han fekk ein flott debut i Molde Enduro med 8.pl samanlagt og 3.pl på ein av etappane.

Neste konkurranse var Bodø Enduro i juni, der Markus var uheldig på etappe 2 og skada seg med skulderbrot. Slit framleis med betennelse i skuldrar og komande sesong er uviss.

Sogndal 24. februar 2020

Styreleiar Stig Vattekar

Nestleiar Oddne Skrede

Styremedlem/kasserar Frank Hofslundsengen

Styremedlem Trond Sekse

Styremedlem Sondre Teigen Lillebostad